

Tida går ...

Av Harald Thorseth
harald-thorseth@adsl.no

I fotball går det som kjent opp og ned. Sist laurdag, då Bergsøy spela den avsluttande seriekampen, slo laget Stranda. Med det berga Bergsøy så vidt plassen i 3. divisjon. Ved sesongavslutninga for 25 år sidan var klubben i ein heilt annan situasjon. Med siger over Sverre ville Bergsøy vinne 2. divisjon og med det rykke opp i 1. divisjon.

Bergsøy slo Sverre og sikra seg opprykk. Søndag 12. oktober vil derfor verte ståande som ein merkedag for Bergsøy idrettslag. Etter sigeren var det klart for 1.-divisjonsspel for fyrste gong, og med opprykket vart Bergsøy å rekne mellom dei fremste fotballaga her til lands.

Spennande avslutning

Det vart ei spennande avslutning i denne viktige kampen på Elberg stadion i Levanger. Bergsøy tok tidleg i 2. omgang leiinga 1-0 ved Frode Wilhelmsen. Kvarteret før full tid utlikna Sverre til 1-1. Like etter måtte Bergsøy-keeperen Johannes Nørvåg på nytt kapitulere. Men til all lukke stod dommaren godt plassert og annullerte scoringa for offside. Alle visste at laget måtte slå Sverre for å rykke opp. Både Bergsøy-spelarane og dei om lag 150 Bergsøy-supportarane på Elberg stadion sette då inn ein skikkeleg sluttspurt. Og dét gav resultat! Fred Frantzen la på til 2-1 etter 77 minutt, og ti minutt seinare fastsette han sluttresultatet til 3-1.

Eit kvarter før slutt, medan stillinga var 1-1, bad Fred trenarane Bjørn Prytz og Asbjørn Myklebust om å verte teken ut fordi han kjende seg sliten og ute av slag. – Prøv eit par minutt til! ropte Asbjørn Myklebust. Asbjørn visste sjølvstakt at Fred var toppscorar og hadde scora heile 20 seriemål før denne kampen, og at han plutseleg kunne smelle til, slik han ofte hadde gjort før. Og før 2 minutt hadde gått, gav Fred Bergsøy leiinga 2-1.

Tårer og god stemning

Per Moltu som dekte oppgjeret for Vestlandsnytt, fortel at etter kampen var det ikkje eit tørt Bergsøy-auge å sjå på Elberg stadion denne søndagsettermiddagen for 25 år sidan.

Den lange bussturen frå Levanger til Fosnavåg vart ei triumfferd. Heime i Fosnavåg var det liv og røre alt tidleg på kveld, og stemninga var på topp. Folk hadde bestemt seg for å gje spelarar, trenarar og supportarar ein god og varm velkomst.

Ved Herøybrua vart bussen med Bergsøy-spelarane møtt av ein kortesje av nærare hun-



Eit historisk bilete, som Per Moltu tok i 1980 like etter at det var klart for Bergsøy-siger 3-1 og opprykk til 1. divisjon. Bak (frå venstre): Ivan Myklebust, Kjell Rønnestad, Arthur Almestad, Asbjørn Myklebust (trenar), Svein Arne Møller, Knut Igesund, Fred Frantzen og Johannes Nørvåg. Framme (frå venstre): Kjartan Paulsen, Martin Pettersen, Frode Wilhelmsen, Bjørn Prytz (trenar), Jack Pettersen, Øivind Møller, Bård Ottesen, Trond Paulsen og Bjørn Myklebust.

dre bilar som på rekkje og rad fylgde etter bussen til Fosnavåg, der Allmenningskaia var full av feststemde folk. Somme hadde funne fram norske flagg og supportarutstyr. Lensmannen hadde gjeve løvve til å skyte opp rakettar, og oppskytinga starta lenge før folk såg snurten av fotballbussen.

Folkfest

På Hansen-hjørnet stod Arthur «Bassar» Frantsen, Paul Hjelmeseeth og Oddbjørn Blindheim klare med instrumenta sine og nyskriven Bergsøy-song.

Klokka hadde passert midnatt då kortesjen kom køyrande ned Vågsgata. Til song og fengjande trekkspeltonar vart spelarane, trenarane og dei heimattkomne supprtarane takka for innsatsen og opprykket – og dei fekk både blomar, klapp og klem. Slik ei stemning etter ein fotballkamp hadde det aldri før vore i Fosnavåg. Men så var dette ikkje dette nokon vanleg siger – dette var noko langt meir. Ved to serieavslutningar i 1970-åra hadde Bergsøy vorte slått på målstrekken i kampen om opprykk, men denne gongen hadde klubben marginane på si side. Dette var

nok den største dagen i saga til Bergsøy idrettslag!


– Vi hadde rekna med at ein del folk ville møte opp på Allmenningskaia for å ta imot oss. Men at der var samla så mykje folk, og at det skulle verte ei slik mottaking, hadde ingen av oss venta, fortel Kjartan Paulsen – ein av Bergsøy-heltane denne dagen.

«Bergsøy anno 1980 er en tro kopi av Hødd anno 1964 – nemlig en kameratgjeng som har trukket lasset sammen uten intern misunnelse og gnisninger,» skreiv den respekterte sportsjournalisten Gunnar Lorgen (no sportsredaktør) i Sunnmørsposten. Ein betre attest kan ikkje eit fotballag få! Av spelarane på laget var det vel berre Kjell Rønnestad som ikkje var «innfødd herøyværing». Han kom frå Stranda, men slo seg ned i Herøy.

Ein trufast tilhengjar

Det var ikkje berre i Herøy at Bergsøy hadde trufaste tilhengjarar. Ein av dei var Kåre Jørgensen i Volda. Dagen etter opprykket tok han turen til Fosnavåg for å starte ei hundrekronerulling til inntekt for Bergsøy. Jørgensen la 5 hundrekronesetlar på bordet, éin for kvart familiemlem. Den glade gjevaren kunne fortelje at Bergsøy hadde gjeve han mykje glede oppgjennom åra. Han hadde tidt og ofte reist hit og dit for å sjå laget spele.

Kampen er nettopp ferdig og fotballformann Kjell Sævik og Bergsøy-trenar Bjørn Prytz har grunn til å vere glade. I bakgrunnen (til høgre) den andre Bergsøy-trenaren, Asbjørn Myklebust. Til venstre er Bergsøy-spelarane Kjartan Paulsen og Kjell Rønnestad. (Foto: Per Moltu.)





* To av dei mange Bergsøy-supportarane som var med på folkesfesten på Allmenningskaia i Fosnavåg natta til 13. oktober 1980: Børge Hansen og systera hans, Lena. (Foto: Harald Thorseth.)

– Med litt flaks kunne vi ha berga plassen, men vi tapte fleire «bikke-kampar». I divisjonen var gode og rutinerte lag som Molde, Tromsø, Bodø/Glimt, Sogndal og Mjølner, og derfor var det ikkje «berre berre» å ta poeng ...

Av kampane i 1981-sesongen på Bergsøy-stadion er kampen mot Molde ein av dei eg hugsar best. Bergsøy vann 2-0 etter glimrande spel og innsats. Åge Hareid, den noverande landslagstrenaren, var spiss på Molde, og dette var siste kampen hans før han drog til England for å verte proff i Manchester City. Gullik Kjellstadli, ein av dei unge og lovande Bergsøy-spelarane den gongen, hadde som spesialoppgåve å ta seg av Åge Hareide, som på den tida også var på det norske fotballandslaget. Gullik gjorde ein kjempejobb, og Åge Hareide fekk derfor lite til.

Hadde vi rykt opp fire-fem sesongar før, hadde vi hatt på laget dyktige spelarar som Kjartan Fagerlund, Ronald Moen, Oskar Waage og ikkje minst Knut Teige. På grunn av skadeproblem spela Knut Teige berre nokre få kampar då vi var i 1. divisjon, seier Asbjørn Myklebust, som gjekk gradene i Bergsøy frå Bergsøy gutteklubb kring 1960 og heilt fram til opprykksåret. Han spelte på Bergsøy (spelande tenar) ut vårsesongen 1980. Då vart brått fotballkarrieren hans avslutta etter eit svært tragisk uhell.

På Bergsøy var det ein god del rutine – både på spelar- og trenarsida. Men i troppa var det også ein del spelarar som var nokså ferske og heller urutinerte, men lovande. Bjørn Prytz, Knut Teige og Jack Pettersen hadde til saman 124 kampar for Hødd i dei to øvste divisjonane. Av eliteseriekampar for Hødd hadde Knut Teige 18 kampar, Bjørn Prytz 12 og Jack Pettersen 10. Jack var dessutan innom juniørlandslaget i slutten av 1960-åra. Fred Frantzen som i mange år var ein av storscorarane på Sunnmøre, var ei tid også aktuell for ungdomslandslaget. Dessutan var fleire klubbar ute etter denne han, men Fred valde å verte verande i Bergsøy.

Medan Asbjørn Myklebust studerte i Berlin frå 1971 til 1974 var han halvprofesjonell fotballspelar for Preussen Berlin (2. divisjon). Dette var før det vart vanleg at norske fotballspelarar vart proffspelarar i utlandet. Det vart skrive ein god del om Asbjørn i norske aviser. Mellom anna hadde Dagbladet ein heilsides reportasje om storscoraren frå Norge og Herøy. Asbjørn Myklebust fekk utan tvil god nytte av erfaringane frå fotballivet sitt i Vest-Tyskland då han seinare kom attende til Bergsøy som spelar og trenar.

Jamn framgang

Frå byrjinga av 1960-åra og fram til det historiske opprykket i 1980 hadde Bergsøy-fotballen ein jamn framgang. Rett nok

var det eit og anna lite tilbake-slag innimellom, men det gjekk eigentleg rette vegen heile tida.


I 1969 vann Bergsøy 3. divisjon på Sunnmøre og spelte opprykkskamp mot Sunndal på Sunndølsøra. Bergsøy vann dette viktige oppgjeret 1-0 etter ei scoring av Kjartan Fagerlund. Sesongen etter var det ikkje berre lag frå Sunnmøre Bergsøy skulle møte, men også frå Romsdal og Nordmøre. Dette var nytt og utfordrande for klubben. Til 1970-sesongen hadde Bjørn Prytz, Knut Teige og Jack Pettersen meldt overgang frå Hødd til Bergsøy og dette vart sjølv-sagt ein styrke for Bergsøy, som opna 1970-sesongen med å spele 1-1 mot Molde på grusbana i Huldalen.

Nære på ...

I 1974 var det nære på at Bergsøy skulle vinne serien.

Fire lag enda til slutt på same poengsum: Sunndal, Bergsøy, Langevåg og Skarbøvik. I siste kampen slo Bergsøy Åndalsnes borte. Men tapte likevel kampen om å vinne serien. Både Sunndal og Bergsøy hadde 20 plussmål. Men Sunndal gjekk forbi på fleire scora mål: 37-17, mot 35-15. Bittert!

Bergsøy måtte spele heimekampane sine på grusbana i Huldalen fram til juli 1972. Etter at laget kunne trene og spele på eige gras, skaut framgangen fart.



* Ingen var gladare enn «Pit» (Petter K. Pettersen) då det var klart for opprykk. Han hadde fylgt Bergsøy i tjukt og tynt heilt frå byrjinga av 1950-åra. «Pit» var supportaren som jubla meir enn nokon annan når Bergsøy vann og gjorde det godt. Og han var nok den som tok det aller tyngst når baksmellane kom. (Foto: Harald Thorseth.)

– Bergsøy har vist at herøyværingane kan anna enn å strøype sild. Dei kan også sparke fotball, og det til gagns, sa den kanskje største av alle Bergsøy-patriotar, i alle høve største patrioten Bergsøy har i Volda, skreiv Vestlandsnytt.

Berre ein sesong

I 1981-sesongen var Bergsøy det sunnmørslaget som var høgast øppe i divisjonane. Både Hødd

og Aalesund fotballklubb spelte i divisjonen under herøyklubben.

Dessverre vart det berre ein sesong for Bergsøy i 1. divisjon, og etter 1981-sesongen har laget spela ei heller beskjedne rolle i sunnmørsfotballen.

Asbjørn Myklebust som trenete laget saman med Bjørn Prytz også i 1. divisjon, har i ettertid gjort seg nokre tankar om det som skjedde:



* «I kveld er namnet berre Bergsøy, og Bergsøy-namnet gir oss von. For neste år skal raudt og kvitt tøy få spele i 1. divisjon ...», song Tor Igesund (t.v.) og Harald Arnesen i fin duett på Hansen-hjørnet for 25 år sidan. (Foto: Harald Thorseth.)